


Norsk Ornitologisk forening NOF
Lokallaget i Rindal, Surnadal og Halså
v Marita Sæter

Til NVE
postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Nasjonal Ramme for vindkraft Fråsegn til NVEs plan i Halså, Surnadal og Rindal på Nordmøre.

Vi er i dag vitne til det mest brutale angrepet på norsk natur nokon sinne: Utbygging av arealkrevjande vindkraft, basert på tankegangen om at meir fornybar kraft skal berga vårt felles naturmiljø. Men det er ein illusjon å tru at ein hjelper naturen med å øydelegga den. Dette utbyggingspresset er spesielt meiningslaust i vårt land, som er betre forsynt med fornybar kraft enn dei fleste land (samtidig som tilgangen på fri natur etter kvart blir mangelvare).

Som lokal organisasjon for fuglevern er det ikkje vår hovudoppgave å gå nærmare inn på bakgrunn og motivasjon for framlagte planar, men vi registrerer at NVE har vurdert som eigna for vindkraft eit betydeleg areal med ca 5 mils utstrekning innafor lokallagets virkeområde (svart innramming under). Vi er ikkje overtydd om at kunnskap om fugl og naturmiljø står sentralt i denne vurderinga, men at tekniske og økonomiske forhold har vore avgjerande. Heller ikkje NOFs lokallag har noko fullgod oversikt over fuglelivet i området. Fråsegna vår er difor i stor grad på eit generelt plan (jfr også vedlagt uttale til NVE frå NOF Møre og Romsdal datert 25.06.2009 til melding om Rognskog vindkraftanlegg i Halså).



Som overordna moment vil vi peika på at eit regionalt nettverk av vindkraftanlegg er ein potensiell fare for det meste av fugl i flukt, enten det dreier seg om langdistansetrekk eller lokale forflytningar. Sjølv om fugl i bakkehøgde går fri for rotorane, vert fuglebiotopar ramma av vegutbygging og dreneringar som inngår i utbygginga. Støy frå rotorar og trafikerte vegar vil forstyrre sårbart fugleliv. Ingen kan fullt ut forutsjå dei langsiktige konsekvensane. Å foreta ei differensiert risikovurdering for fugl innafor planområdet krev kunnskap som ikkje foreligg i dag, bl.a. vil fluktruter kunne variera med lokale ver -og vindforhold. Vi har ikkje til hensikt å gjera ei slik vurdering (men reknar som sjølv sagt et ein styrer forsvarleg unna sårbare hekkeplassar).

Generelt har kystfjella lang vekstsesong samanlikna med høgfjella i indre strok av Nordmøre. Sjølv om planområdet stort sett ligg over skoggrensa, er det aller meste vegetasjonsdekt og grønt fjell, med levevilkår for hønsefugl, våtmarksfugl, rovfugl og sporvefugl. Døme på kollisjonsutsett fugl er lom, som foretek regelmessige flygetokter for matsøk, og rovfugl under kretsing på termikk i lufta. Vi ønsker ikkje fleire lemlesta ørn enn dei hundretals offer for vindkrafta på Smøla.

Som konklusjon aksepterer vi ikkje at det aktuelle planområde er eigna for vindkraft, og avviser foreliggende plan.

Surnadal
25.09.2019-09-24
Marita Sæter (leiar i NOFs lokallag)
Øravegen 17C
6650 Surnadal